



Team Hardanger

Referat frå møte i Team Hardanger

Onsdag 20. februar 2019 kl 10.00-14.00

Stad: Hardangerrådet, møterom Kinsarvik

Tilstades:

Jan Tjosås, Lisbeth Bygstad Celik, Helga Helleland, Reidun Haugen Dalseth, Heidi Ryste, Trude Rinaldo, Jostein Eitrheim

Frå kl 12.00: Ingvald Torblå, Lars Inge Thorset, Kristine Hesthamar, Torleiv Ljones

1. Innmelde saker ved møtestart.

Epost frå Timo Knoch, Eidfjord kommune vedr. Miljødirektoratet si støtteordning "Klimasats".

2. Arbeidsplan 2019 for Team Hardanger

TH vil fokusera på arbeidet i 2019 då avtalar som skal danna grunnlag for vidare drift etter 31.12.2019 ikkje enno er på plass.

Team Hardanger vil arbeida med desse sakane i 2019:

- Etablerarfond Hardanger - Tildeling
- Skiltprosjekt: Hardangerskilt. Idag er det mange døme på dårleg skilting og manglande skilting.
- Liste over utvikling i verksemder som har fått støtte gjennom Etablerarfond Hardanger. Slik liste vert lagt fram i neste møte
- Etablersenteret: Dialog med Etablersenteret ift å gje tilbod om kurs arrangert i Hardanger
- TH har planlagd 4 møter i 2019

3. Status for felles prosjektsøknad med Visit Hardangerfjord.

Orientering og vidare arbeid.

Vi avventar utvikling og held oppe dialogen mot Visit Hardangerfjord v/Andreas Skogseth for evt. seinare etablering av justert forprosjekt.

4. Studietur

Vi tek sikte på å delta på Norsk Opplevelseskonferanse 2019 i Lofoten 28.-31. oktober 2019.

Trude utarbeider program, reiseopplegg og prisar for studietur.

I neste møte tek TH stilling til om ein skal invitere andre næringsaktørar til å delta på denne turen.

5. Runde rundt bordet. Nytt frå kvar kommune

Denne saka vart ikkje handsama i møtet

6. Innmeldte saker

Denne saka vart ikkje handsama i møtet.

7. Møte med næringsorganisasjonane i Hardanger

Næringsorganisasjonane i Hardanger er inviterte til å møta TH kl 12.00 - 14.00

Kulepunkta nedanfor er utsendt som aktuelle tema for drøfting i møtet:

- Næringsutvikling i Hardangerregionen. Kva næringar bør det satsast mest på framover?
 - “Alle næringar”. Avgjerande med komplementere arbeidsplassar.
 - Modellen frå Hardanger Industri kan/bør utvidast til å omfatta heile Hardanger.
 - Samarbeid med begge Næringsshagane i regionen. Felles satsing på næringar som kan veksa og lukkast i åra framover.
 - For liten kunnskap i Hardanger om aktivitet og utvikling i andre deler enn eigen kommune.
 - Korleis kan vi samla ressursane for å bruka modellen frå Hardanger Industri til å omfatta heile regionen?
 - Bør dette utvidast til å omfatta Indre Vestland?
 - Senda Regional Næringsstrategi ut saman med referatet frå dette møtet.
 - Korleis få dei største verksemdene med på eit spleiselag for å byggja opp og drifta ein felles næringsutviklingsorganisasjon som dekker heile regionen?
- Korleis kan det offentlege (kommunane, fylkeskommunen, Hardangerrådet) samspela betre med næringa?
 - Hardangerrådet/Team Hardanger har ein viktig rolle med å bistå ift. finna ulike stønadsordningar gjennom verkemiddelapparatet.
 - Private næringsaktørar må utfordrast til økonomisk medverknad til felles utviklingsarbeid.
 - Vi må tilrekkja oss kapitalinteresser til regionen.
- Kva er dei største utfordringane for å vekst i arbeidsplassar og folketal i Hardanger? Opna for fjordnære bustader.
- Korleis kan Team Hardanger vera ein tenleg møteplass for næringsorganisasjonane i Hardanger?
- Korleis kan vi arbeida saman for å sikra fortsatt drift av turistbåtruta på Hardangerfjorden?
 - Møte i Norheimsund 18.02.
 - 50/50-delning er ikkje aktuelt for Hardangerregionen.
 - Skyss må framskaffa inntektstal for ruta. Billettinntekter minus provisjon

Kinsarvik 20.02.2019

Referat Jostein Eitrheim